

# låvende saker 2010



FANTORANGEN & LOKALE BARNEKOR

JAMES DICKENSON

FOLKEMUSIKK OG DANSEKVELD

ARILD SKAR BAND

4 X KVELI

GARDMILLOM MED GARDSKAFE

GRISEKLAPP, GEITEKOS OG GRÅTASS

RUDIUTSTILLINGA

HANS KJORSTAD & OLE NILSSEN

BJØRN EIDSVÅG MED BAND

MARI OG HÅKON RIR IGJEN

AASMUND NORDSTOGA MED BAND

SETERDAG PÅ VALSETER

GYNT-MIDDAG

CREEDENCE NORWEGIAN REVIVAL

KVARTS & KORK MED SOLISTAR

BAKSIA

SHEEP O HØY OG BELFAST LADS

HEIMGJORT JULBORD OG JULEMARKNAD

ROMJULSKONSERT I SØR-FRON KYRKJE



## Rudi Gard

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



# Velkomen til gards

Rudi Gard ligg vakkert i Sør-Fron i Gudbrandsdalen, 70 kilometer nord for Lillehammer. Garden ligg i eit velstelt kulturlandskap med historie frå fortida og moglegheiter for framtida. Namnet Rudi kjem av «rydning», og gravhaugen på garden viser at det har vore busetnad her sidan yngre jernalder. Første skriftlege kjelde er eit skinnbrev frå 1319.

Det er ellefte året vi ønskjer velkomen til konsertar, revy, teater, servering, utstillingar og bondeaction på Rudi Gard. Vår ettertanke den stille sommarkvelden etter at tunet har tømt seg for folk, eller framfor peisen etter ei fullsett juldagsnatt:

Jammen er det ei stor glede å kunne stelle til opplevingar for så mykje trivleg folk!

**Kjære alle gamle og nye gjester på Rudi Gard  
- hjerteleg velkomne til gards!**

Beste helsing

Nina og Øystein Rudi - vertskap



## Rudi Gard

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



*Som innehavar av Olavsrosa er Rudi Gard er ein framifrå eksponent for aktiv formidling av kulturopplevingar og levande kulturarv. Gjennom respekt for gamle tradisjonar, samtidig som vertskapet har vilje og evne til å aktualisere historia i nåtida, synleggjer Rudi Gard Norsk Kulturarvs visjon «vern gjennom bruk» på førsteklasses vis.*

Mathias Øvsteng, Norsk Kulturarv

# låvende saker 2010



FOTO: Krister Sørbo

## Pling-Plong konsert med Fantorangen og lokale barnekor

**Søndag  
30. mai**

kl 18.00

Ope gard  
frå kl 16.00

Vi opnar sommarsesongen med Margrethe og Fantorangen frå NRK Barne-TV saman med Sør-Fron barnekor. I tillegg medverkar barnekor frå Lillehammer, Øyer og Nord-Fron.

*Billett kr. 150,- / 100,- for barn mellom 3 og 15 år*

Frå kl 16.00 byr kjøkensjefen på familiemiddag – kjøttkaku med kålstuing, og riskrem med raud saus eller is.

*Middag kr 140,- / 70,- under 15 år*

**Billettar:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



## «Gjensyn med James»

**Søndag  
6. juni**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Grilla kalve-  
medaljong

James Dickenson er tidlegare organist, dirigent og humørspreder i Sør-Fron. Møt James i samtale med Reidar Stangenes om livet både som muskar og elles. Øvrige gjester er Lena og Øystein Lien og Kai Harald Skriubakken, og dei vil bidra både frå pratesofaen og med varierte musikkinnslag saman med, og til ære for James!

*Billett kr 150,- / 100,- under 15 år*

## Folkemusikk og dansekveld

**Fredag  
11. juni**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Rudi-kål

Spelmannslaget «Spira» spring ut frå Folkemusikklinja på Vinstra, og nå ber dei inn til folkemusikk og dansekveld på Rudi. Dei har invitert fleire lokale spelmannlag, og det blir konsert med Spira og gjester. Etter konserten blir det dans, spelmannspøbb og ope scene

*Billett kr 150,- / 100,- for student og under 15 år  
Gratis for alle med instrument*

# 4 x Kveli

## - «Søttiåttåttitri»

**Fredag**  
**18. juni**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Matbord frå  
Rudigrillen

Over 10 000 personar såg «4 x Kvelis Eingangsrevy» i tida 2007-2009. Gruppa har fleire norgesmeister-titlar enn RBK, og består av Gudmund, Sveinung, Sigmund og Jens med felles etternamn Kveli. No er dei klare med ein heilt ny revy med namnet «Søttiåttåttitri» som var det gamle postnummeret til den vesle grenda Kvelia i Lierne. Verdspremiera er berre ei veke før dei gjestar Rudi Gard. Dei fire garanterer original humor som blir servert med og utan sjølvspelt musikk.

Billett kr 270,-



*Vil bare takke for en fantastisk VAMP-konsert! Jeg var jo den heldige vinner av billetter, og valgte å fylle bilen og reise oppover. Jeg er skikkelig imponert over alt dere har fått til der oppe! Og bra stemning - bra servering - bra fasiliteter på alle måter!*

Hilsen Vigdis

FRÅ PUBLIKUM

**Billetter:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



# «Langs Laugen»

## Arild Skar med band

**Laurdag**  
**19. juni**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Matbord frå  
Rudigrillen

Arild Skar kom sist haust med cd'en «Langs Laugen», til gode kritikkar og mykje merksemd. Her får du konsertversjonen og eit knippe andre godlåtar som er kjente og kjære både for ung og gamal. Bandet er Vegard Moshagen på tangentinstrument, Tormod Myrvang på bass, Morten Kvaal på gitar og Svein Ivar Sæther, trommer.

**Attpålag med husbandet, trubadurer  
og RudiSpelmenn**

Utover kvelden kan du oppleve fleire frå det allsidige musikklivet i Midt-Gudbrandsdalen, mellom anna kjem trubadurane Trond Halle, Terje Iversen, Egil Kjørstad og RudiSpelmenn.

*Billett kr 250,- / 100,- under 15 år*

**Billettar:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

# Eit godt måltid før forestilling...

Før alle konsertar og forestillingar byr vi på middag. Eit populært tilbod for privatpersonar, bedrifter og vennelag.



## Matbord frå Rudigrillen

### - raust, rikeleg og smakfullt

Saftige grillstykker av gris og okse krydra med eigne marinader og urteoljer.

Grilla laksefilèt med kryddersmør.

Lammepølser frå Annis pølsemakeri.

Potetsalat med rømm dressing & sennepsdressing med urter frå Aukrust.

Tomatsalat med betaost frå Avdem gardsysteri.

Heimbåå brød frå eige kjøken.

Rabarbra med jordbær, piska Avdem rumme med kryddersirup og heimbåå rummebrød.

*kr 290,-*

## Grilla filet av Dølafe

### - ein kjøttkvalitet utanom det vanlege

Ur-gener og godt beite gjev kjøtt med fin struktur, mørt, smaksrikt og fyldig.

Med saltbakt tomat og Tromsnespoteter, sommarens grønsaker og langtidskokt raudvinssaus.

Friske jordbær med kryddersirup piska i Avdemrømme.

*kr 350,-*

## Heilgrilla

### - kulturgris, kalv eller lam

Heilgrilling er eit varemerke - ei spennande foredling av fantastiske kjøttvarer.

Med eit rikt utval av salatar, grønsaker og poteter frå Gudbrandsdalen smaksett med urter frå Aukrust i Lom.

Dressing, saus og heimbåå brød er frå eige kjøken.

Bokkøl og blautkaku til dessert.

*kr 390,-*

## Grilla kalvemedaljong

Kalvemedaljong surra i steikt flesk med krema peparsaus.

Ovnsbakte Tromsnespoteter og sommarens grønsaker.

Fløtepudding av Avdem rumme med myntemarinerte jordbær.

*kr 330,-*



Bestilling av bord via [oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no) / 400 38 005 seinast kvelden før. Restplassar blir seld til det er fullt.



# Gårdmillom

## på RUDI GARD



**Fredag 16. juli – søndag 25. juli**

**GARDMILLOM** blir arrangert sist i juli kvart år. Ni kulturgardar i Gudbrandsdalen byr på konsertar, teater, matopplevingar, utstillingar og mykje meir.

Fullstendig program på [www.gardmillom.no](http://www.gardmillom.no)

**Gardskafe kvar dag under Gårdmillom  
frå kl 12.00 til kl 16.00**

Servering av kaffe og takk-kaku med syltetøy og rumme. Vi byr også på rummegraut og ein smak av prisbelønt spekemat frå Annis pølsemakeri.

**Griseklapp og geitekos, og tur med Gråtass**



Vi har fleire slags trivselsdyr på Rudi, og for ungar er det alltid gjevt å få helse på geiter og killingar, kaninar eller dei tre heidersgrisane på garden. Gråtassen er fast på tunet, og er gjerne med på ein kjøretur der små og store kan ta plass på tilhengaren.



# RUDIUTSTILLINGA 2010

**Opning fredag 16. juli kl 12.00**

Ope kvar dag kl 12.00-16.00

Rudiutstillinga er eit besøksmål for mange, og er open dagleg under Gardmillom og Peer Gynt stemnet. Møt spennande kunstnarar innan fleire sjangere. Vi fyller fjaset og den tidlegare silokummen med kvalitetsvarer!

LILLANN SVENDSRUD keramikk

BERIT SUNDLI skinnfell

HALDIS OFIGSBØ måleri

ANNE KRISTINE THORSBY måleri og trykk

ANNE NILSENG måleri

ANNE LOUISE TVETE mosaikk

KARI MØLSTAD OG YNGVE HAUSTAD glas



Lillann Svendsrud



Anne Nilseeng



Anne Kristine Thorsby

**Laurdag 17. juli - laurdag 24. juli**

Kvar dag kl 12.00



## Opplevingstur langs pilgrimsleia

Frammøte på Rudi Gard kl 12.00 for felles skyss til Sødorp, som er grenda rett ovanfor Vinstra. Lokalkjent guide blir med på turen sørover dalsida. Vi starter høgt i bygda og passerer husmannsplassar og kulturminne med storslått utsikt over Gudbrandsdalen. Turen er på omlag 10 lette kilometer og tek 2,5 time med innlagte stopp. Framme på Rudi kan vi slappe av i tunet, rusle i utstillingane og legge inn ein god dugurd i gardskafeen. Autentisk overnatting kan de få på Pilgrimsloftet på nabogarden Sygard Grytting, eller på Rudisetra om de vil til fjells.

*Skyss og guide kr 230,- / 100,- under 15 år*

## Spelmannskonsert med Hans Kjørstad og Ole Nilssen

**Søndag  
18. juli**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Grilla Dølafe

Kvart år under Gardmillom presenterer vi låvende stjerner på den lokale musikkhimmelen. Hans og Ole skal til på andre året ved folkemusikklinja på Vinstra vidaregåande skule. Kom og bli med på ein stor applaus for to av våre største talent!

*Billett kr 150,- / 100,- under 15 år*





FOTO: Stian Andersen

# Familiekonsert

## Bjørn Eidsvåg med band

**Tysdag**  
**20.juli**

Kl 20.30

Ope gard  
frå kl 17.00

**MENY**  
Matbord frå  
Rudigrillen

Opplev ein av våre mest folkekjære artistar frå utecena på Rudi Gard. Bandet er Børge Petersen-Øverleir på gitar, Geir Sundstøl på gitar/strenginstrument, Bjørn Holm på bass, David Wallumrød på tangenter, Anders Engen på trommer og Martin Windstad på perkusjon. Publikumsområdet er inndelt i felt - først til mølla...

*Billett kr 350,- / 100,- under 15 år*



**Billetter:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



## «Mari og Håkon rir igjen»

**Onsdag  
21. juli**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Heilgrilla  
kulturgris

Etter to år med opphald er Mari Maurstad og Håkon Sveen på nytt klar for Rudilåven. Førre forestillinga; «Sex og familieliv» var ein knallsuksess med meir enn 6000 selde billetter.

Også denne gongen vil kulturforskjell mellom by og land, både innan festliv og anna liv, vera ein viktig tråd gjennom forestillinga. Her er det rett og slett berre å sikre seg billett, møte med eit ope sinn og «se hva som skjer...»

*Billett kr 330,-*

**Fredag  
23. juli**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Grilla Dølafe

## Aasmund Nordstoga Band i Rudi-låven

I 2009 platedebuterte Aasmund Nordstoga med albumprosjektet «Ein Visefugg» på Warner Music. Plata vart nominert til Spellemannspris i viseklassa, og hausta gode plasseringer på VG-lista og strålende kritikkar. No er han aktuell med ny plate, framleis med heftige medmusikanter. Vi gler oss!

*Billett kr 250,- / 100,- under 15 år*



FOTO: Stian Andersen

# Seterdag på Valseter



**Søndag**  
**25. juli**

kl 12.00–16.00

**MENY**  
**Rummegraut**

Trivselsdag for heile familien med mykje hyggeleg folk som har god tid! Sal av kaffe, takk-kaku og rummegraut. Tradisjonelle seteraktivitetar som ysting, hafelling, handverk og handarbeid i seter-husa og uttadørs. Mjølkebilen og Gråtass går også i år i skytteltrafikk frå parkering ved Gålå Skiarena. Valseter ligg rett sør for friluftssena på Gålå.

*Gratis inngang*

*Tusen, tusen takk for et kjempearrangemet under VAMP-konserten igår! Dere har lagt ned en formidabel innsats, og dere ønskes lykke til videre med opplegget. Et flott sted, koselige folk og trivelig stemning...*

Hilsen Mildri

FRÅ PUBLIKUM

**Onsdag 28. juli - laurdag 31. juli****Onsdag 4. - laurdag 7. august**

Kl 15.00-18.00



# Gynt-middag på Rudi

Godt, raust og tradisjonsrikt og nyskapande. Kjøkensjef Wenche Kvebu ønsjer velkome til Gudbrandsdalsbord. Heilgrilla lam er ein av våre spesialiteter, og med gode råvarer henta rett frå Per Gynts rike byr vi på ei smaksoppleving.

- Heilgrilla lam
- Lammepølse frå Annis Pølsemakeri
- Potetsalat med sennepsdressing og Aukrust-urter
- Ovnsbakte Tromsnespoteter
- Gudbrandsdalske grønsaker og salatar
- Heimbåkå brød, smør, dressing, rumme
- Rummegraut, spekeskinke, fenalår og utvalde spekepølser
- Eggerøre, Avdemrømme og heimbåkå flatbrød
- Blanda bær med krydderpiska Avdemrumme og rummebrød

Kjøp måltidsbillett på [www.billett-service.no](http://www.billett-service.no), eller bestill bord seinast kvelden før via tlf 400 38 005

*Stort Gudbrandsdalsbord kr 490,- / per person*







## Peer Gynt ved Gålåvatnet og overnatting på Rudisetra

Rudisetra ligg ved Gålåvatnet, og er perfekt overnatting for teatergjester som også vil ha ein smak av seterlivet. Kom til fjells midt på dagen. Slapp av i setermiljøet, ta ein dukkert i Valsvatnet eller ein tur opp på Valsfjellet. Etter eit godt måltid kan de rusle til teaterscena og oppleva Peer Gynt ved Gålåvatnet. Vi tek imot inntil 20 personar til overnatting delt på to tun med seterhus og anneks. Nytt av året er opplevingsturar lagt til setergrenda i regi av Peer Gynt og Svein Sturla Hugnes.

Setra er til leige heile året, og vi lager gjerne spennande pakker saman med arrangement på Rudi, eller med mat- og naturopplevingar. Opplev eit trivleg setermiljø, dyr på beite og eit velstelt landskap, og fantastiske moglegheiter for fotturar, sykling, skiturar og friluftsliv.





# Såmmårfest med «Creedence Norwegian Revival»

**Laurdag**  
**31. juli**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Grilla Dølafe

Såmmårfesten på Rudi Gard er staden du treffer att gamle kjente – midt i ferien. Legg gjerne inn eit godt måltid som start på festen. På scena kjem bandet «SvartePer», som sidan starten i 2007 har turnert land og strand med showet «Creedence Norwegian Revival». Opplev gamle Creedenceklassikarar frå 60-70-talet, og kjente låtar frå John Fogertys solokarriere fram til i dag.

*Aldersgrense 18 år. Billett kr 250,-*



## Flink ungdom, «gamle bønder» og lokale lag



Arbeidslaget på Rudi er ein fantastisk gjeng som trivst i lag. Du møter ungdommar som er lette på foten, og bønder med erfaring frå eit langt arbeidsliv for god mat og levande kulturlandskap. Lag og foreiningar hjelper oss med toppbemanning på våre store arrangement. Vi er stolte av arbeids-gjengen!

**Billettar:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



# «Folkemusikk i Symfoni»

## KORK, KVARTS og solister

**Torsdag**  
**12. aug.**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Heilgrilla kalv

**Kringkastingsorkestret og Kvarts med  
Sondre Bratland, Linn Andrea Fuglseth  
og Birger Misteregg**

Konserten «Folkemusikk i symfoni» blir framført for første gong i Gudbrandsdalen, og for aller første gong spelar KORK i ein låve! Dette særdeles vellykka samarbeidet har hausta glimrande kritikkar ved tidlegare høve. Her får du ei eksklusiv oppleving så tett på både solistar og «hele landets orkester» som det går an. Dirigent er Hans Ek.

Billett kr 490,-

**OPPLAND**  
fylkeskommune



Region  
Midt-Gudbrandsdal



*Rudi Gard er en av gledene ved å ha hytte i Frønsfjellet. Rett som det er, legger vi opp fjellturene slik at vi får med oss godbiter i programmet. For en som lever og virker i hovedstadens kulturbås, gjør det godt å møte livet sett fra låven på Rudi. Man blir takknemlig for at noen tar et slikt kraftak så skikkelig og generøst. Jeg har hatt med meg utenlandske gjester på Rudi, og de snakker om opplevelsen flere år etterpå. Og er du på Rudi når den mjuke sommerkveldsola synger nedetter dalen, er det så vakkert at det nesten gjør vondt.*

Carl Henrik Grøndahl  
Programredaktør NRK Drama

FRÅ PUBLIKUM

**Billetter:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



## Cd'slepp med BAKSIA

**Laurdag  
21. aug.**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Matbord frå  
Rudigrillen

Kultbandet BAKSIA er fast inventar ein gong årleg på Rudi Gard. Årets happening startar med slepp-konsert der BAKSIA presenterer sin rykande ferske cd. Konserten inneheld både ny musikk og legendariske dølarock-låtar, og etterpå rydder vi dansegolv et og held BAKSI-fest!

*18 årsgrense etter konserten. Billett kr 270,- / 100,- under 15 år*

## Sheep o Høy ved Sødorptunet på Vinstra

**Laurdag  
11. sept.**

kl 11.00-14.00

I samarbeid med Sødorptunet lager vi ein aktivitetsdag med sau og lokal mat i fokus. Gudbrandsdalsmat og andre som lager lokal mat kjem med mykje godt til salgs. Det blir og forsmak på kveldens saueklypping, tipp vekt på lam og ull, gjetarhundoppvisning, smaksprøver, Gråttasstur for unger med meir.

*Gratis*

**Billettar:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

**Laurdag  
11. sept.**

frå kl 18.00

**MENY**  
Heilgrilla lam



# Sheep o Høy

## Bondeaction på sitt beste!

Kvelden startar med eit godt måltid - heilgrilla lam med tilbehør, før vi også i år kårer Gudbrandsdalens sterkaste sausankarlag. Det er stadig større pågang til denne statusfylte konkurransa med lag frå heile Sør-Noreg.

I klyppeshowet kjempar 15 av verdas beste sauklypp-parar mot gardsrekorden frå 2005 på 23,4 sekund. Og med sauebonde og idrettsmann Bjørnar Bakken som speaker, storskjerm, musikk, og horder av engasjerte sauebønder, hyttefolk, bygdafolk og tilreisande er dette ei festforestilling!

Etter klyppeshowet kjem The Belfast Lads med ekte irsk saueklypparmusikk, og det blir dans og fest!

*Billett kr 490,- inkl heilgrilla lam / 250,- utan servering  
18-årsgrense etter saueklyppinga*



*....jeg ville bare si at sheep o høy var helt fantastisk bra!  
Maten var glimrende, klippinga var utrolig morro og Belfast Lads var geniale.  
Vi storkoste oss rett og slett og kommer definitivt tilbake!*

Hege

FRÅ PUBLIKUM

**Billetter:** [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



FOTO: Kristin Veskje, GD

**Fredag  
3. des.****Laurdag  
4. des.****Fredag  
10. des.****Laurdag  
11. des.**

# Heimgjort julbord

alle kveldar kl. 19.00

Heilt frå du rusler inn på tunet i fakkellys byr vi på opplevingar for både sjela og ganen. Vår eigen varme velkomstdrink blir servert i fjoset, og når du kjem opp i låven er stemninga sett for ein trivleg kveld. Alt som kjem på bordet denne kvelden er gjort på garden, slik julmat er gjort til alle tider. Rakfisk, sylt, juleskinke og alle dei andre slaga er gjort av kjøkenfolka og gardens folk dei siste vekene. Vi deler serveringa i kalde rettar, varmrettar, og dessert med sju slag julekaker. Mellom serveringene blir det musikk og underhaldning som krydrar maten slik det høver til jul, og etter maten blir det variert dansemusikk og trivleg samvær.

*Ta kontakt på [oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no)/913 85 388 for informasjon og bestilling.  
Velkomstdrink, heimgjort julbord, underhaldning og fest kr 690,-*





# Julmarked

## Handverk, kunst, mat og trivleg førjulsstemning

**Søndag  
5. des.**

**kl 12.00–16.00**

Med mangfaldige utstillarar, servering, musikk og godlukt i låven er dette av årets trivlegaste dagar. Eit godt høve til å skaffe dei siste julegavene er det også. Blant utvalget er julekaker, handarbeid av dei fleste slag, knivar, gudbrandsdalsmat, tresløyd, ullprodukt, kornband og jultre med mykje meire. Vi inviterer spesielt barn og ungdom til å koma og selja eigenproduserte varer i Rudilåven, og det blir julverkstad. Kanskje blir gardsnissen også å treffe mot slutten av dagen.

*Inngang kr 50,- / 30,- under 15 år*

# Romjulskonsert

## i Sør-Fron kyrkje

**Torsdag  
30. des.**

**kl 20.00**

Arve Tellefsen i romjula 2009: «Skal vi lage ein konsert neste jul?» Som sagt så gjort – her kjem konserten! Vi får med oss gode musikkvenner og byr på kjente og kjære melodiar som høyrer jula til.

*Billett kr 290,- / 100,- under 15 år*







# Bedriftsarrangement, jubileum og gjestebod på Rudi Gard

Grupper kan leie Rudi Gard til egne arrangement. Vi byr på spennande mat frå eit velrenomert kjøken og lang trening i god arrangementsregi. Og vi har ulike rom som høver frå supe for 10 til festmiddag for 250 gjester.

## Saman med gode medhjelparar tilbyr vi spennande aktivitetar:

- Opplevingstur med guide langs pilgrimsleia
- RudiRunden – aktivitetssløype med postar i kulturlandskapet
- Bondeaction – som i TV-serien «Alt for Norge»
- Eksklusive fisketurar til nokre av dei beste fiskevatna i dalen
- Skreddarsydd turar til fots, på sykkel, ski, kano eller i raftingflåte
- «Bondetur på 4-hjuling»
- Overnatting og oppleving utanfor allfarveg – vi kjenner dalen...

Servering av eit godt måltid for grupper før forestillingar er også eit populært tilbod. Ta gjerne kontakt slik at vi saman kan starte planlegginga av ditt arrangement.

Tlf 913 85 388 / oystein@rudigard.no

FRÅ PUBLIKUM

*«Takk for de gode opplevelsene dere gav oss på Rudi forrige uke. Kommer til å huske maten, gjestfriheten og musikken lenge...»*

Beste hilsen Kirsten Ingjerd Værdal

Styremedlem Norsk Kulturarv og landbruksdirektør i Nord-Trøndelag



## Hovedsamarbeidspartnere



## Samarbeidspartnere

WADAHL



VENABU  
FJELLHOTELL



*kultifell*

## Offentlege medspelarar



## BILLETTAR:

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

tlf 400 38 005

[www.billettservice.no](http://www.billettservice.no)

tlf 815 33133



**billett  
service.no**  
a ticketmaster company

Billettar blir seld ved inngangen så lenge det er plass.

Billettprisar er inkludert avgift!

Med atterhald om  
programendringar

Rudi Gard ligg langs E6, 70 km nord for Lillehammer

Koordinater: 61°33'41"N / 09°56'21"Ø



## Overnatting

Kvitfjell Booking	61 28 36 30	<a href="http://www.kvitfjell.no">www.kvitfjell.no</a>
Gåå Høgfjellshotell og Hytter	61 29 76 00	<a href="http://www.gala.no">www.gala.no</a>
Wadahl Høgfjellshotell	61 29 75 00	<a href="http://www.wadahl.no">www.wadahl.no</a>
Rondablikk Høgfjellshotell	61 29 49 40	<a href="http://www.rondablikk.no">www.rondablikk.no</a>
Venabu Fjellhotell	61 29 32 00	<a href="http://www.venabu.no">www.venabu.no</a>
Sygard Grytting	61 29 85 88	<a href="http://www.grytting.com">www.grytting.com</a>



# Rudi Gard

E-post: [oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no) - Mob 913 85 388

Post: Rudivegen, 2647 Sør-Fron